



VEDTEKTER FOR KOMMUNALE BARNEHAGAR I VÅGÅ.

Vedtekne av Vågå kommunestyre 7.mai 1979 og seinare justerte i vedtak i Vågå kommunestyre, sak 78/82, 119/88, 10/89, 18/91,19/93, 31/94, 138/94, 7/97, 25/2000, 58/2000, 40/03 og 103/03, 26/04, 109/07, 74/08. Siste endringane gjorde i K-sak /09, HOKO 2/11, 5/12, 12/13, 5/15

Vågå kommune eig og driv desse barnehagane: Søre Grindstugu barnehage, Lalm barnehage og Tessand barnehage.

1 FORMÅL

«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering». Barnehageloven § 1.

2 STYRINGSVERK

2.1 Barnehagane i Vågå skal drivast i samsvar med Barnehageloven og i samsvar med dei føresegrer, forskrifter og vedtak som til kvar tid er gjeldande.

2.2 Kommunestyret har etter lov- og regelverket ansvaret for planlegging og utbygging av barnehagane i kommunen, medan ansvaret for drift og tilsyn er delegert til Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg (HOKO).

2.3 Etter § 4 i Barnehageloven skal kvar barnehage ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval.

Medlemane i foreldrerådet er alle foreldre/føresette som har barn i barnehagen. Samarbeidsutvalet består av 2 foreldre/føresette, 2 frå dei tilsette og ein representant frå eigar (politikar), jf. Barnehageloven § 4.

Styran møter som sekretær og har uttalerett, men ikkje stemmerett.

Kommunen sine representantar og vararepresentantar til samarbeidsutvalet skal veljast frå HOKO.

2.4 Rett til barnehageplass, § 12 a i Barnehagelova; Barn som fyller eitt år seinast innan utgangen av august det året det blir søkt om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage frå august i samsvar med denne loven med forskrifter.

Barnet har rett til plass i barnehage i den kommunen der det er busett. Kommunen skal ha minimum eitt opptak i året. Søknadsfrist til opptaket blir fastsett av kommunen.

3 OPNINGSTID

3.1 Barnehagane har opningstid på 9/9,5 timar, med lokale tilpassingar frå år til år. Kwart år skal ein vurdere innmeldte behov for utvida opningstid både morgon og kveld.

3.2 Alle barnehagane har 3 veker samanhengande sommarferie, vekene 29, 30 og 31. Barna skal ha minimum 3 veker ferie, og gjerne 5 veker i løpet av heile året. Dei kommunale barnehagane er stengde jule- og nyttårskveld, samt romjula og påskeveka.

3.3 Alle barnehagane har tilbod om 3 - 5 dagar pr. veke. Er det ledig kapasitet kan foreldre få kjøpt ekstra dagar.

4 OPPTAKSMYNDIGHEIT

4.1 «Alle godkjente barnehager i kommunen skal samarbeide om opptak av barn. Kommunen skal legge til rette for en samordnet opptaksprosess, der det tas hensyn til barnehagenes mangfold og egenart. Brukernes ønsker og behov skal tillegges stor vekt ved selve opptaket. Ved en samordnet opptaksprosess skal likebehandling av barn og likebehandling av kommunale og private barnehager sikres» jmf.§12 i Barnehageloven.

4.2 Foreldre som ønsker barnehageplass søker på kommunen sitt elektroniske søknadsskjema. Tildeling av plass gjeld til 1. august det året barnet byrjar på skulen eller til foreldra skriftleg seier opp plassen. Hovudopptak skjer ein gong for året, 1.august, med søknadsfrist 1.mars som blir kunngjort i lokalpressa. Nye søkjarar blir vurdert etter opptakskriteria i pkt. 5. I hovudopptaket skal og foreldre som ønskjer endring i barnehagetilbodet (skifte av barnehage/ auke/reduksjon av barnehagedagar) søkje på eige endringsskjema. Er det ledig kapasitet frå nyttår kan ein vurdere nye søkjarar.

4.3 Det er felles opptak med dei private barnehagane i Vågå. For Vågå kommune har tenesteleiar fullmakt til å foreta opptak av barn i barnehagen. NAV og helsestasjonen skal ha høve til å uttale seg før opptaket er gjort.

5 OPPTAKSKRITERIER

Barnehageloven § 13. Prioritet ved opptak

«Barn med nedsatt funksjonsevne har rett til prioritet ved opptak i barnehage. Det skal foretas en sakkyndig vurdering for å vurdere om barnet har nedsatt funksjonsevne.

Barn som det er fattet vedtak om etter lov om barneverntjenester §§ 4-12 og 4-4 annet og fjerde ledd, har rett til prioritet ved opptak i barnehage.

Kommunen har ansvaret for at barn med rett til prioritet får plass i barnehage».

Etter Barnehageloven sine føringar så blir desse prioriterte:

1. Minoritetsspråklege
2. Sysken i same barnehage
3. Alder

Ved søknad innan 1. mars skal det bli søkt på inntil to alternativ av barnehagar, i prioritert rekkjefølgje. Er det ikkje plass i nokon av desse, får barnet/barna tilbod i ein av dei andre barnehagane i Vågå.

6 OPPTAKSPERIODE/OPPSEIINGSFRIST

Ved eventuelt reduksjon av dagar, flytting eller andre spesielle endringar i løpet av barnehageåret gjeld 1 månads oppseiing. Det blir kravd betaling i oppseiingstida. Det blir kravd betaling frå opptaksdato, sjølv om plassen ikkje blir teken i bruk, og eventuelt til oppseiingstida er ute.

6.2 Foreldre som ikkje får barnehageplass til barna sine kan klage på vedtaket.

7 FORELDREBETALING

7.1 Prisane på opphald for 3, 4 og 5 dagar blir justert kvart år. Maksimalprisen i barnehagane blir fastsett i Stortinget sitt årlege budsjettvedtak.

7.2 Barnehagane som kommunen driv, er eit tilbod der brukarane skal vere med på ei delfinansiering av drifta etter satsar fastsett av kommunestyret.

7.3 Det blir gjeve søskenmoderasjon frå og med det andre barnet. 30% moderasjon for barn nummer to, barn nummer tre og fire 80% moderasjon på barnehageplass.

7.4 Samla betaling for året blir delt i 11 like terminar. Betaling skal skje til kommunekassa innan utgangen av betalingsfristen. Juli er betalingsfri måned. Ein kan ikkje seia opp plassen etter 1. mai.

7.4 Dersom foreldre/føresette står til rest med betaling for meir enn 3 måned blir barnevernet varsla. Oppseiing får da verknad frå 1 måned etter siste puring. Det skal også betalast for plassen i denne «oppseiingsperioden».

7.5 Er barnet fråverande meir enn 1 måned grunna sjukdom, og dette blir dokumentert med legeattest, kan foreldra søkje om fritak for betaling i fråværsperioden. Ein får ikkje fritak for betaling på grunn av ferieopphald i utlandet.

7.6 Foreldre/føresette kan ta kontakt med NAV om dei av andre grunnar enn i pkt. 7.3 og ønskjer redusert foreldrebetaling/friplass.

7.7 Foreldra skal ikkje betale for tid barnet har i barnehagen etter Opplæringslova § 5-7.

8 HELSE OG HELSETILSYN

8.1 Barnehagane i Vågå står under tilsyn av Miljøretta helsevern.

8.2 Nye tilsette i barnehagane skal ha levert politiattest før dei startar i arbeid, dette gjeld også dei som er vikarar.

9 AREALNORM/UTNYTTING

9.1 I Vågå kommune blir den rettleiande norm for inne areal lagt til grunn, dvs. 4 m² netto leike- og opphaldsareal pr. barn over 3 år, 6 m² netto leike- og opphaldsareal pr. barn under 3 år.

9.2 Leikeareal ute bør vera omlag seks gonger så stort som leike- og opphaldsarealet inne.

9.3 Lalm barnehage har godkjent 253,5 m² leike- og opphaldsareal.
Tessand barnehage har godkjent 168 m² leike- og opphaldsareal.
Søre Grindstugu barnehage har godkjent 437,50 m² leike- og opphaldsareal.

10 INTERNKONTROLL

Alle barnehagane skal følgje kommunen sine rutinar med internkontroll.

Alle barnehagane skal utarbeide rutinar for å følgje opp Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular.

Vedtektene for kommunale barnehagar i Vågå må for å vera i pakt med lov, forskrifter og skiftande tilhøve reviderast/ justerast med jamne mellomrom. Kommunalsjef får fullmakt til å samkøyre vedtektene med det øvrige regelverket for barnehagane. Dei omarbeidde vedtektene skal leggjast fram for Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg, formannskap og kommunestyre til endeleg godkjenning.